

Blåsten var sterk.

Onsdag 4. oktober var blåsten så sterk at bosskontainarane ved Sendingsbekken havna i bekken. Kommunens folk vart varsla og under arbeide oppdaga me Nils Svåsand ute på sjøen med ein kontainar på slep. Den hadde havna i fjæra kloss ved Lønningsdalskaia. Slepjet gjekk bra sjøl om sjøblåsten sto på. Eg fekk tatt fleire bilder frå hendinga. Eg tok inn blomsterurnene frå fleire plassar denne dagen.

Bygdelaget var kontakta då det lukta så fælt i boss-spannet ved leskuret nedanfor Grannahuset. Statens Vegvesen har oversett tøming av dette spannet – dei vil bli underretta snarast. Det er mange turistar som stoppar og tar bilder og spiser her, så tøming må nok skje regelmessig.



To mann frå kommunen, Kåre Svåsand, Nils Svåsand reddar i land ein konteiner.